



VARIG VERN AV RAUNDALSELVA

Vernestatus og verneverdi

Vossovassdraget vart i 1986 varig verna i vernekategori I på grunnlag av desse faktorane:

- Naturvitskaplege interesser
- Kulturvitskaplege interesser
- Vilt- og fiskeinteresser
- Friluftinteresser

Poenget med vassdragsvernet er **varig vern mot kraftutbygging**. I 1986 vart det slått fast at området inneheld så mange ressurser som til saman gjer at vassdraget er verneverdig i **vernekategori I**. Er det slik at verneverdiane er redusert i 2010? **Tvert i mot.**

Raundalselva i eit reiselivsperspektiv

- Voss har vedtatt å satse på reiseliv
-Voss skal, i fylgje kommuneplanen 2007-2018, vera leiande i Nord-Europa innan berekraftig natur- og kulturbasert reiseliv. Reiselivet har stor tyding for Voss i dag, og kan bety langt større verdiskaping i framtida dersom ein legg til rette for slik satsing. Dette vil gje mange nye arbeidsplassar og god skatteinngang til kommunen.
- Naturen er viktigaste ressurs i reiselivet
Naturen er grunnlaget for reiseindustrien, både som kulisse for rundreiseturistane og for kultur og naturbaserte aktivitetar. For Fjord Norge er nettopp naturen framheva som ein årsak til at regionen fleire gonger er kåra til verdas beste reisemål av National Geographics.
- Synlegheit er eit viktig konkurransefortrinn
Reiseliv er i ein sterk konkurransesituasjon, både nasjonalt og internasjonalt. Synlegheit krev at ein har noko som gir merksemd, og Voss sin styrke her er ekstremporten. Det var entusiastane som driv med elve- og luftsport som gav Voss Ekstremsportveko. Elvene er Voss sitt svar på Sunnmøre- og Lofotens fjell.

Ekstremsportveko

- Ikkje tilfeldig at Ekstremsportveko vart til nettopp på Voss.
Kjernen i verdas største og mest unike ekstremsportarrangement er å utfordre seg sjølv og kvarandre i dei fire elementa vatn, jord, luft og eld. Det er få andre plassar i verda ein har eit slikt mangfald av naturgitte ressursar - elver, fjell, klipper, og gode forhold for luftsport.
- Kvart år ser mellom 300 000 og 400 000 på NRK-sendingane i beste sendetid.
Eit resultat av aktiviteten i dei entusiastiske miljøa har ført til at 200 journalistar frå heile verda kjem til bygda vår for å dekkje arrangementet, og samarbeidet med NRK dei siste åra har gjort at Ekstremsportveko har blitt ein av dei viktigaste marknadsføringskanalane for Voss Kommune.
- Bygda vår har gong på gong blitt kåra til eit mekka for elvesport
Raundalselva, som inneheld 40 km med stryk, fossar og padleeksjonar som passar for alle nivå, er heilt avgjerrande for interessa hjå det nasjonale og internasjonale padlemiljøet
- Ein kan ikkje både styrkje Ekstremsportveko og regulere vassdraga samstundes

EkstremSPORTmiljøet har lagt ned 13 år med knallhardt frivillig arbeid for setje Voss på verdskartet, og me krev at Voss Kommune ser verdien i dette arbeidet og er med på å utvikle arrangementet i framtida. De må velje kva de vil satse på.

Konsekvensar

- Voss Rafting Senter AS utgjer 13 årsverk og fleire familiar har busett seg på Voss som direkte følge av dette. VRS nyttar seg av fleire elver og flyttar turane mellom dei alt etter vassføring. I møte mellom VRS, Voss Energi og BKK vart nøkkeltala for nedbygginga lagt fram. Tala viser at raftingsesongen på Voss vil bli redusert frå 7 til 4 månader om Raundalen 1 alternativet vert gjennomført, fordi raundalselva er einaste alternativ når vassføringa i elvene er låg. VRS tek årleg med over 1500 gjester ned Raundalselva.
- Voss vil miste sin internasjonale status som «mekka» for elvesport
Elvesporten er avhenging av den naturlege variasjonen i vassføringa i Raundalselva. EkstremSPORTveko vil miste ein av hovedattraksjonane og vil bli betydelig svekka. 8 av dei 10 kraftverka i prosjektskissa vil øydeleggja for elvesporten.
- Den skisserte kraftutbygginga gjer elva uinteressant for alt friluftsilv
Voss kan bli ein «turlagt turistattraksjon» Fot/sykkel/tog turismen blir svekka. Potensiell turist/reiselivsutvikling i dalen vert øydelagt.

Oppsummering/konklusjon

Når ein bestemmer seg for å satse på reiseliv og aktive naturopplevingar (slik Voss Kommune har gjort) som viktig næringsveg, må ein også legge til rette for ei slik utvikling. Rammvilkåra må tilpassast den næringsvegen ein ynskjer. "Valgets kval" er eit godt uttrykk for den utfordringa det er å måtte velje, med konsekvensen av at ein nettopp må velje vekk noko i same runden. Eit viktig poeng er at då Vossovassdraget vart verna var verken næringsinteresser eller aktiv elvesport eit tema. Det er altså nok argument for vern UTAN desse viktige argumenta som har kome i **tillegg**. Verneverdiane er i dag mykje større enn på 80-talet.

Miljøhensyn: Hensikten med varig vern, er nettopp varig vern

Raundalen innheld naturmessige eigenverdiar for nasjonen og kommande generasjonar. Det er ikkje slik at eit kraftverk i Raundalen set kroken på døra på eit kullkraftverk på kontinentet og dermed bidrar til betre klima.

Etter at vernevedtaket kom, har ein innretta seg med eit slikt utgangspunkt, og satser både på naturbasert reiseliv som hovednæringsveg og blant anna elvesport. Eit viktig grunnlag for dette er ei **uregulert elv**. Betydning av reiseliv og elvesport på verdsnivå er argument **i tillegg til** sjølve vernevedtaket.

Eit utval vil kreve store kostnader i konsekvensutreiingar, og korleis skal ein eigentleg finne konsekvensen av noko som ein ikkje ser konsekvensen av før inngrepet er gjort? Det eventuelle utvalet vil ha problem med å talfeste samfunnsmessige konsekvensar, og kva ringverknader vil ei turlagt elv ha på turismen og lokalt næringsliv?

Eit utvalsarbeid vil tære på kreftene til mange aktørar. Festivalmiljøet og heile den frivillege dugnadsinnsatsen som ligg bak arrangementa som arbeider for å få Voss på kartet vil verte hemma av arbeid for å trygge eit allereie vedteke vern. Det same vert tilfellet med store delar av reiselivet og alle med interesse av friluftslivets gleder. Fordi vidare arbeid med kraftplanar i Raundalen vil gi tap av denne kapitalen som frivillig sektor og turistnæringsveg bidreg med, ynskjer me at eit utval ikkje vert sett ned. Desse organisasjonane ynskjer difor heller ikkje å sitje i eit slikt utval: Voss Kajakk Klubb, Voss Raftingklubb, Voss Rafting Senter AS, EkstremSPORTveko, Voss Naturvernlag, Mjølfjell Vel, Mjølfjell Vandrarheim, Upsetedalen Vel, Bergen Turlag.